



Saksprotokoll

Organ: **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Møtedato: 16.03.2016

Sak nr.: 16/2663-2
Internt I.nr. 11726/16

Sak: 5/16

Tittel: **Utgreiing om framtidsretta tannhelseteneste**

Behandling:

Frå leiar låg det føre slik tilråding til vedtak:

Ikkje legg ned tannklinikkar

Sogn og Fjordane har 28 offentlege tannklinikkar. Tannhelsetenesta held høg kvalitet og har god nærliek til innbyggjarane. Direktør for tannhelsetenesta, tek til orde for å legge ned 13 tannklinikkar innan 2020. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner dette er eit steg i feil retning.

Tannhelse er ein viktig del av folkehelsa, og tannklinikkanne bør liggja nær brukarane. Vi ynskjer ikkje at born med føresette, menneske med nedsett funksjons evne og eldre skal måtte reise langt for å kome til tannlege. Dette vil føre til meir fråvere frå skule og arbeid, og det vil vere ekstra tyngande for dei med nedsett funksjonsevne med lengre reiseavstand enn det er pr. no. Endring i struktur vil òg kunne gje auka reisekostnader. Godt tilrettelagte tenester vil vere attraktivt for busetjing i by og bygd.

Fylkesrådet veit av erfaring at menneske med nedsett funksjonsevne har større behov for å bruke tannhelsetenesta, enn det som er gjennomsnittleg.

Sogn og Fjordane har tradisjon for å tilby nære og gode tenester til innbyggjarane. Fylkesrådet vil at dette skal halda fram også i framtida. Fylket er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, og må gjere store innsparinger i åra som kjem. Å kutte i tannhelsetenesta er eit lite framtidsretta grep. Dessutan er det på tale å overlata ansvaret for tannhelsetenesta til kommunane. Vi meiner det er feil å gjere store strukturelle grep før dette er nærmare avklåra.

Tannhelsestrukturen bør ikkje rokkast med før ein ser kva kommunestrukturen blir i framtida.

Skyssutgifter eigenandel er foreslått å aukast frå 100,- kr til 1000,- kr. Dette er noko fylkesrådet kan støtte dersom ein ikkje legg om tannhelsestrukturen.

Fylkesrådet vil:

- Oppretthalde ein desentralisert struktur i den offentlege tannhelsetenesta.
- Vente med å gjere strukturelle endringar i tannhelsetenesta til det er avklåra om tannhelsa for framtida skal vere kommunal eller fylkeskommunal.

Avrøysting:

Einstemming

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Ikkje legg ned tannklinikkar

Sogn og Fjordane har 28 offentlege tannklinikkar. Tannhelsetenesta held høg kvalitet og har god nærleik til innbyggjarane. Direktør for tannhelsetenesta, tek til orde for å legge ned 13 tannklinikkar innan 2020. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner dette er eit steg i feil retning.

Tannhelse er ein viktig del av folkehelsa, og tannklinikkane bør liggja nær brukarane. Vi ynskjer ikkje at born med føresette, menneske med nedsett funksjons evne og eldre skal måtte reise langt for å kome til tannlege. Dette vil føre til meir fråvere frå skule og arbeid, og det vil vere ekstra tyngande for dei med nedsett funksjonsevne med lengre reiseavstand enn det er pr. no. Endring i struktur vil òg kunne gje auka reisekostnader. Godt tilrettelagte tenester vil vere attraktivt for busetjing i by og bygd.

Fylkesrådet veit av erfaring at menneske med nedsett funksjonsevne har større behov for å bruke tannhelsetenesta, enn det som er gjennomsnittleg.

Sogn og Fjordane har tradisjon for å tilby nære og gode tenester til innbyggjarane. Fylkesrådet vil at dette skal halda fram også i framtida. Fylket er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, og må gjere store innsparingar i åra som kjem. Å kutte i tannhelsetenesta er eit lite framtdsretta grep. Dessutan er det på tale å overlata ansvaret for tannhelsetenesta til kommunane. Vi meiner det er feil å gjere store strukturelle grep før dette er nærmare avklåra.

Tannhelsestrukturen bør ikkje rokkast med før ein ser kva kommunestrukturen blir i framtida.

Skyssutgifter eigenandel er foreslått å aukast frå 100,- kr til 1000,- kr. Dette er noko fylkesrådet kan støtte dersom ein ikkje legg om tannhelsestrukturen.

Fylkesrådet vil:

- Oppretthalde ein desentralisert struktur i den offentlege tannhelsetenesta.
- Vente med å gjere strukturelle endringar i tannhelsetenesta til det er avklåra om tannhelsa for framtida skal vere kommunal eller fylkeskommunal.